



Arkivnr: 2017/15911-2

Saksbehandlar: Anne Vedvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		30.01.2018

Klage - søknad om avkjørsle og etablering av parkeringslomme - gnr. 98 bnr. 1 - Engjavik i Fusa kommune**Samandrag**

Tiltakshavar Magnar Ove Fjærstad har søkt om etablering av parkeringslomme kloss ved fv. 121 på gnr. 98, bnr. 1, Engjavik i Fusa. I medhald av veglova §§ 40 og 43 har Statens vegvesen Region Vest avslått søknaden. Søknaden er grunngjeve med trafikktryggleik, problem for drift og vedlikehald av vegen, samt at søknaden kan danna presedens. Tiltakshavar har forståing for dette, men klagar over vedtaket ved å visa til at trafikkflyten i sørgåande retning vil verta betre ved etablering av parkeringslomme. Statens Vegvesen har vurdert klagan, men finn ikkje grunn til å gjera om vedtak om avslag.

Økonomi: Ingen effekt**Klima:** Ingen effekt**Folkehelse:** Ingen effekt**Regional planstrategi:** Ingen effekt**Forslag til vedtak**

Klage frå tiltakshavar Magnar Ove Fjærstad over Statens vegvesen Region vest sitt avslag om etablering av parkeringslomme/avkjørsel ved fv. 121 på gnr. 98, bnr. 1, Engjavik i Fusa kommune, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann


Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.01.2018

Bakgrunn

Tiltakshavar søkte den 18.05.2017 om utviding av vegskulder for parkering/oppstilling av bilar og eventuelt biltilhengar på gnr. 98 bnr. 1 på Engjavik i Fusa kommune. Søknaden gjeld fylkesveg 121. Det vert søkt om utviding på omlag 3 x 13 m og bredda avsluttar mot fjellvegg. Det er 50 km sone på staden, med omlag 50 m sikt mot nord og omlag 200 m sikt mot sør.



Statens vegvesen, Region Vest (SVV) avslo søknaden 07.06.2017, med heimel i veglova §§ 40 og 43. Grunngjevinga var trafikktryggleiken, problem for drift og vedlikehald samt fare for presedens.

Tiltakshavar klaga ved e-post av 03.07.2017 og kjem med tilleggsopplysingar. Det vert vist til at tvers over vegen for oppstillingsplassen det er søkt om, er eksisterande avkjørsel til hyttefelt. Tiltakshavar meiner at oppstillingsplassen vil letta trafikkflyten i sørgående retning. Vidare vert det vist til at det 20 meter sør for plassen er avkjørsel til Markhus.

SVV handsama klaga, men fann ikkje grunn for å endra vedtaket. Ved brev av 06.07.2017 vart klaga oversendt Hordaland fylkeskommunen som klageinstans.

Rettsleg grunnlag

Veglova § 40

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.

Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

Veglova § 43

Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidligare måtte vere settet for løyve til avkjørsla. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisiklinjer mellom avkjørsla og den offentlige vegen. Om vegstyremakta finn det naudsnyt, kan slike frisiklinjer og gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan også sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.

Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.

Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsla blir halde ope.

Rammeplanen:

Fv. 121 er i «*Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesveg i Region vest*» definert som klasse 3 med byggegrense på 30 meter:

- *Talet på direkte avkjørsler til vegane må vere avgrensa. Dette gjeld også for driftsavkjørsler*
- *Nye bustadavkjørsler bør avgrensast. Val av plassering av avkjørsler må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga*
- *Godkjenning til utvida bruk av bustadavkjørsler til bustadføremål bør normalt gjevest dersom dei tekniske krava vert tilfredstilt.*

Fylkesrådmannen sine merknader:

Søknaden gjeldt etablering av parkeringslomme/oppstillingsplass for bil og tilhengar. Regelverket omhandlar ikkje parkeringslomme særskilt. I praksis krev slik etablering ny avkjørsle frå fv. 121. Veglova §§ 40 og 43 er derfor rett heimel.

Fv. 121 er definert som klasse 3. For denne vegklassen gjeld at direkte avkjørsler til vegen må avgrensast. Søknaden gjeld ikkje eksisterande avkjørsle, men etablering av ny i form av ein oppstillingsplass kloss i vegbana.

På fv 121 er det allereie ein avkjørsel tvers over for parkeringslomma det er søkt om. I tillegg er det ein avkjørsel på same side av fv. 121 berre 20 meter frå plassen. Det er såleis allereie to avkjørsler på kvar side av vegen med kort avstand. Dette tilseier i seg sjølv at ein ikkje bør etablera fleire avkjørsler på dette strekket, jf. første kulepunkt i rammeplanen.

SVV har vist til at parkeringslomme representerer ei trafikktryggleiksrisiko og kan medføra problem for vedlikehald av vegen. Tiltakshavar har vist forståing for dette i e-post 03.07.2017, men meiner at oppstillingsplassen er ein føremon for trafikkflyten i sørgående retning som i dag må stoppa heilt opp ved avkjørsle til hyttefeltet, sjå kartutsnitt over. Så vidt ein kan sjå vil parkerte bilar i ei parkeringslomme gjera passering utan stopp ved avkjørsel til hyttefeltet, meir uoversiktleg og såleis representera ein trafikktryggleiksrisiko t.d. ved at barn kan koma ut mellom parkerte bilar. Parkerte bilar kloss i vegbana kan også gjera det vanskeleg for t.d. brøytebil vinterstid.

Fylkesrådmannen sluttar seg til SVV sitt syn at etablering av parkeringslomme har innverknad på trafikktryggleiken og kan skapa problem for drift og vedlikehald av vegen. Vidare ser ein at ei eventuell godkjenning, vil kunne danna presedens for framtidige søknader om biloppstillingsplassar langs fylkesveg. Dette er ikkje ønskjeleg. Fylkesrådmannen rår derfor til at klaga ikkje vert teken til følgje.